

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Davik

Emne: Bordskikk til kvardags

Bygdelag: Endal-Davik

Oppskr. av: H.Aardalsbakke

Gard: Endal, Askeland, Davik

(adresse): Davik

G.nr. 23, 24, 25 nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ja ein sat ved langbordet til alle måltid.
2. Ja heile huslyden sat ved same bordet og det gjer ein endå.
3. Ja alle et på same tid. Sume sit i kjøkenet og et og sume i daglegstova. Men det vert meir og meir vanleg at dei et på kjøkenet
4. Ja husbondsfolk og tenarar et same mat
5. Ja det vert meir og meir vanleg at dei et i kjøkenet i kvart fall til kvardags.
6. Ved høgtider et ein gjerne i stova, men husbondsfolk og tenarar et ved same bord.
7. I eldre tider var det meir nøie med det. Då sat husbonden i høgsetet. Dersom husmora ikkje sat ved sida av han i høgsetet, sat ho ved neste bordsenden. Så sat då born og tenarar på baa langsider av bordet. No er det ikkje så strengt med det, men husbondet sit ved øvste enden av bordet og husmora ved neste enden. Så sit då born og tenarar på baa langsider av bordet, men nokon fast plass har dei ikkje lenger. Tenarar finst det no mest ikkje på gardane. Det er foreldre og born no.
8. Det er ikkje kjent at borna måtte stå medan dei åt.
9. Høgsetet er meir og meir kome av bruk. Benkane er borte og stolar er kome i staden.

2

Både høgsetebenken og forsetebenken er borte sånoko høgsete er der ikkje lenger, men det er no ein ende ved bordet som vert kalla øvste enden og der er husbonden sin plass

10. Ja det er øvste enden av bordet.

11. Å nei ein var diverre ikkje nøie med å vaske hendene før ein åt og det er nok mange som ikkje gjer det endå utan dei er skitne på fingrane. Ja mannfolket tak av seg hua medan dei åt. Det har ein gjort så lenge ein kan minnsast.

12. Ja dei åt alle av same fat både graut og mjølk og all s slags mat. Grautfatet og mjølkeskåla var av tre-bjerk Dei var dreia. Ein tok ein bete graut og stakk den i den sams mjølkeskåla. Kva tid ein slutta med det og kvar fekk si eiga mjølkeskål er ikkje så ~~gtaixx~~ greit å svara på. Ein og annan huslyd gjekk over til å bruka talerkaner av steinty som dei auste grauten på og slo mjølk av muggen på talerken og så tok andre ~~ette~~ etter, men ein kan vel trygt seia at dei siste 20 åra har sams grautfat og sams mjølkeskål ikkje vore i ~~bru~~ bruk.

13. ⁱⁿ Det er ikkje kjent at brukte å setja gryta på bordet. Er det framande til stades ved bordet, legg ein duk på bordet, elles er det nok ingen skilnad når det er uventa gjester slik at ein ikkje får tid til å laga til betre mat enn vanleg.

14. JA ein brukte å lage bete som ein sa og det er delvis brukt endå. Ein tok eit stykkje flattbrød la ei skive poteter og sild, fisk eller flesk og så eit stykkje flattbrød ovanpå der att. Så hadde ein beten ferdig. Det var til frukost og non ein lagde bete. No er det til middag, ein brukar det.

15. Trur ikkje det er rekna som nokon uskik om ein tek sukkerbeten i munnen og drikk kaffe til.

16. Nei å drikke kaffi av skålen er ikkje god bordskikk.

17. Å seie akuratt når gaffelen kom i bruk er vanskeleg. Det er ikkje så sers lenge sidan det vart vanleg å bruka gaffel. Ca 30 år. Ein hugsar no sakte det at ein åt utan gaffel.

18. Nei både mannfolk og kvinnfolk brukte dei såkalla "jonga". Dei var laga i smia-helst av gamle ljå. Ein smeda dei om slik at bakken av ljåen vart banka ut slik at den ikkje synte og så sette dei treskaft på dei. Det var helst kvart år til jul at dei laga nye jonga og andre tider og når dei hadde bruk for det. Dei slipte dei så blankt at det reint skein i dei.

19. Ja dei hadde kvar si skei og kvar sin kniv. Merkte var dei helst ikkje men kvar hadde sin serskilde plass både for skei og kniv. På veggen over matbordet hadde dei ei såkalla rekkje. Der sette dei skeia med skaftet ned i rekkja og bladet opp. Kniven sette dei med skaftet opp. Skeiene var laga av horn til dagleg bruk. I lag når det trengdest mange skeier brukte ein ofte skeier av tre. No brukar ein skeier av aluminium eller plett. Til høgtidsbruk også av sylv. Litt om senn kom rekkene bort og då byrja ein å vaske både skeier og kniver. Men dette vart ikkje gjennomført i alle hus samstundes. Det kom litt om senn. For 30-40 år sidan var det vel gjennomført i dei aller fleste hus.

20. Frå same tid kan ein rekne at det vart vanleg å bruke steintytalerkar. Før hadde dei treskåler. Ein gjekk over frå sams grøtfat til djupe talerkar.

- 4
21. Nei bordduk brukte ein ikkje til kvardags og er heller ikkje brukt no Dersom der ikkje er framande tilstades.
22. Det var ei tid at voksdruk var mykje i bruk, men det er mindre no. Ein brukar for det meste kvitskura ~~bord~~ som ein vaskar for kvart mål og skurar ofte.
23. Nei ein delte ut maten til kvardags-etla den dom ein sa. Husmora delte ut maten. Noko viss rekkefylgje var det ~~ik~~ ikkje
24. Smør brukte ein berre til dei store høgtider. Smolt fekk *dei* tiletla i små skåler. Dei kalla ein gjerne kuler. Kjøtt og flesk vart etla ut, sameleis flatbrød. Omnsbrød var ikkje i bruk. Potetkake og svelekake vart og utetla sume stader. Det var sett på som at ein var nisk dersom ein etla ut potetene.
25. Porsjonane var etter som ein meinte ein trengde det. Har ikkje høyrte at kvinnene trengde mindre mat.
26. Borna får eta utan hjelp når dei er så store at dei klarar det. Så snart dei greier seg sjølv, får dei forsyne seg sjølv. Far og mor hjelper dei, kah henda ei eldre syster eller te- nestgjente.
27. Ja ein togg maten for småborn
28. Ein les føre og etter maten. Syng gjer ein nok ikkje no til kvardag, men når det er lag t.d. brudlaup eller gravferd då syng ein fyre og etter maten. Der kor det er berre vaksne les ein stilt. Er det barn i huset les eit av dei høgt. Det er ingen skilnad i så måte antan der er framande eller ikkje.
29. Det skulle helst ikkje vera noko snakk ved bordet når dei fekk seg mat. Det var nok husbonden som førde ordet. No pratar dei vekk om alt som føre kjem og det er ingen skilnad på husbond eller ikkje.

Faint, illegible text, likely bleed-through from the reverse side of the page.

- 5
30. Det var ikkje passande å le ved bordet.
31. Ein måtte ikke synge medan ein åt.
32. Ja ein måtte vente til alle var ferdige og slik er det endå.
33. Der det er barn i huset seier dei takk til foreldra og det var brukt før og men elles er det ikkje vanleg å seie takk for maten.
34. Når ein framand kom inn under måltidet sa han: "Signe maten eller signe spis."
35. Nei han ~~l~~aut vente til dei var ferdige og då fekk han mat åleine og det beste huset kunne by.
36. Ja dersom han har gått eit lenger stykkje veg eller det l^{on}ge sidan han har vore der, så steller dei til mat/til vedk.
37. Ja og slik er det endå.
38. Ein brukte ikkje kaffi utan på dei store høgtider. Kom det ein framand, fekk han varm mjølk til drikke. No brukar ein kaffi, men ein brukar ikkje å ha kjelen på heile dagen.
39. Dei framande får seg mat i stova men helst i lag med huslyden dersom han får mat på same tid som dei, men skal han ha mat utanom dei vanlege måltid, et han åleine.
40. Før måtte ein nøie gjesten til å forsyne seg, men det er det slutt på no. Når gjesten er komen til bords, bed dei han forsyne seg og dermed basta.
41. Nei det ville vera usømeleg å lata gjesten vera åleine i stova. Det ville helst takast fornermeleg opp. Han plasserar seg i kvart fall ikkje ved bordet. Plassen kan vera så ymse etter som det høver.

Faint, illegible text, possibly bleed-through from the reverse side of the page. The text is arranged in approximately 15 horizontal lines, with some lines appearing to be numbered on the right side.

5008